

Rapport

2019

Canvas som plattform for samarbeid

MGUPR101-1 18H Praksis 1. år, 3...

MGUPR101-1 18H
2018 HØST-2019 VÅR



MGBPR101-1 18H Praksis 1. år, 3 ...
MGBPR101-1 18H
2018 HØST-2019 VÅR

Message icon | Folder icon

Lærar for ein dag

University of Stavanger

Free



Screenshots iPhone iPad

Marit Kulild og Kirsti Frugård

Høgskulen på Vestlandet, campus

Stord

31.05.2019

Innhald

Rapport frå utprøving av Canvas som samarbeidsplattform i praksis/HVL/student	2
Utvikling av praksisemnet/praksisrommet	2
1.1 Organisering	2
1.2 Utviklinga av praksisrommet i Canvas.....	3
1.3 Bruk av Canvas i praksisperiodane	5
2. Resultat av spørjeundersøkinga	5
2.1. Erfaringar med før-rettleiing skriftleg i det didaktiske planleggingsdokumentet («diamanten») i Canvas?.....	5
2.2 Del 2 av prosjektet Utprøving av en APP «Lærar for ein dag»	8
Plan for spreiing av resultata i fagmiljøa, til studentane og i praksisskulane	10
Delingsseminar våren 2019	10
Kjelder:	11
Vedlegg nr 1.....	12
Kort skisse over prosjektet med korrigeringar	12
Vedlegg nr. 2.....	14
Viktig informasjon til alle, praksislærarar, faglærarar og studentar på GLU 1-7	14
Vedlegg nr 3.....	17
Døme Didaktisk planlegging	17
Vedlegg nr 4.....	18
«Lærar for ein dag» er en APP der du finner noen caser fra skolehverdagen.....	18
Vedlegg nr 5.....	19
Praksis – undersøkelse (studentene)	19
Praksis – undersøkelse (praksislærerne)	19

Rapport frå utprøving av Canvas som samarbeidsplattform i praksis/HVL/student

Rommetveit, 31. mai 2019

Målet med prosjektet «Canvas som plattform for samarbeid» har primært vore å skapa ein arena der ein i større grad får fram samanhengen mellom det som skjer av didaktisk arbeid i praksis og det som skjer av undervisning og øvingar på campus . I ein artikkel frå Kunnskapssenter for utdanning i 2014 peikar ein kan oppnå gode knutepunkt mellom desse to arenaene gjennom «gode integrerte studiedesignar som baserer seg på oppgåver og læringsfremjande framovermeldingar og **som utnyttar teknologi**, slik at studentane kan halda kontakt med campus når dei er i praksis og vise versa» (Kompetansesenter for utdanning, 2014)¹. Prosjektet vårt byggjer på utvikling av ei felles plattform for studenten, praksislæraren og faglæraren der alle partar har tilgang til den same informasjonen. Prosjektet er blitt prøvd ut både i GLU 1- 1-7 og GLU 1 5- 10 studieåret 2018/19. Me har justert prosjektet vårt noko underveis, sjå vedlegg 1.

Prosjektet har hatt ein todeling når det gjeld teknologibruk i utdanninga. Det eine er utvikling av praksisrommet i Canvas med emna MGBPR101 og MGUPR101 og handlar om utvikling av ein felles læringsplattform (LMS). Det andre handlar om utprøving av ein digitalt lærermiddel, «Lærar for ein dag», der læringsutbyteformuleringane er knytt til relasjonell klasseleiing.

Utvikling av praksisemnet/praksisrommet

1.1 Organisering

Canvas som LMS er eit prosjekt i småskala for å testa ut effektive måtar me kan organisera samarbeidet mellom, praksislærarar, studentar og faglærarar på ved hjelp av teknologi. Eit viktig moment i samarbeid på tvers av ulike organisasjonar er at alle partar har enkel tilgang til på informasjon og dokument som handlar om praksis. Canvas er ei ny plattform og me

¹ Dette senteret er no flytta til UIS. <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/kunnskapssenteret-for-utdanning-flyttes-til-stavanger/id2631607/>

synes det er spennande å prøve ut dei ressursane og dei moglegheitene som ligg i denne digitale læringsplattforma. Ein praksislærar uttalte:

Det er viktig for meg å vita kva studentane har jobba med på campus for at eg skal kunna trekkja det inn i mi rettleiing av studentane.

Canvas fungerer som eit slikt «rom» der alle kan ha felles tilgang til aktuelle dokument.

Opplæringa i bruk av Canvas var minimal og her er det eit utviklingspotensiale. Ein grunn til dette var at oppstarten av praksissamarbeidet starta før me profesjonsrettleiarar starta opp før me hadde klart å få på plass «praksisrommet». Våren 2019 fungerte bruken av Canvas betre sidan praksislærarane, studentane og HVL-kontaktane (faglærarar som var ute i praksis) var meir førebudde og kjende betre til Canvas.

[**1.2 Utviklinga av praksisrommet i Canvas**](#)

Praksisrommet i Canvas har fungert som ein LMS der studentane, praksislærarane, faglærarane (HVL-kontakt) og profesjonsrettleiarar har funnet informasjon om praksis; praksisskuler, praksisgrupper, praktisk organisering, praksisoppgåver, etc. Studentane og praksislærarane fekk munnleg informasjon og eit informasjonsskriv i forkant av praksis. Sjå vedlegg 2. I tillegg fekk praksisgruppe og praksislærar tilgang til sitt eige område (i Canvas sitt praksisrom). Dei ulike praksisgruppene har organisert dette «rommet» slik dei sjølv har ønska. Nokre har delt det inn i ulike mapper (norsk, matematikk, osv), andre har lagt inn aktuelle dokument, undervisningsmateriell og rettleiingsverktøy («diamanten») fortløpende gjennom praksisperioden. Nedanfor har me eit eksempel på korleis ein praksisgruppe organiserte sitt område.

Figur nr 1 : *Praksisgruppa sitt rom og aktivitet*

Namn	Dato oppretta	Dato endra	Endra av	Størrelse
Dyr i naturen (uteskole) - 29.10.1...	30 okt 2018	30 okt 2018	Helle Alise Sk...	59 KB
komm. KRLE-diamant del 2.doc	29 okt 2018	29 okt 2018	Elin Skjetne Li...	60 KB
komm. Matte 25.10 Helle.doc	24 okt 2018	24 okt 2018	Elin Skjetne Li...	57 KB
komm.KRLE v 43tonje-og-ester.d...	24 okt 2018	24 okt 2018	Elin Skjetne Li...	59 KB
Komm.Matte måndag v43 Tonje...	20 okt 2018	20 okt 2018	Elin Skjetne Li...	57 KB
komm.Naturfag-26.10-Helle-og...	25 okt 2018	25 okt 2018	Elin Skjetne Li...	60 KB
komm.Naturfag-26.10-Helle-og...	25 okt 2018	25 okt 2018	Elin Skjetne Li...	60 KB
komm.Norsk 3A tys v43Helle.doc	20 okt 2018	20 okt 2018	Elin Skjetne Li...	57 KB
komm.Oktplan-kortstokken (1).d...	29 okt 2018	29 okt 2018	Elin Skjetne Li...	31 KB
kommentar til krev v 43.docx	20 okt 2018	20 okt 2018	Elin Skjetne Li...	192 KB
kommNorsk 3A 30.10 Helle.doc	29 okt 2018	29 okt 2018	Elin Skjetne Li...	56 KB

Ei anna gruppe organiserte det slik:

Gruppe 1 XXX

- [Engelsk](#)
- [Kunst og håndverk](#)
- [Matte](#)
- [Norsk](#)
- [Samfunnsfag](#)

Studentane skal ha rettleia praksis og me ønska å prøve ut korleis dette kunne utformast og løysast i Canvas. Fokuset har vore korleis me kan bruka digitale verktøy i praksisrettleiinga, gjennom å gi før-rettleiing, i form av skriftlege tilbake- og framovermeldingar i rettleiingsgrunnlaget i Canvas. Studentane har levert inn i Canvas rettleiingsgrunnlaget/ den didaktiske relasjonsmodellen «diamanten», til før-rettleiing (sjå vedlegg 3). Praksislærar og evt. HVL-kontakt (faglærar) har hatt anledning til å gi ein skriftleg tilbakemelding i dokumentet.

Etter praksis våren 2019 utarbeidet me ein spørjeundersøking der studentane og praksislærarane fekk anledning til å svare på nokre spørsmål knytt til deira erfaringar med

skriftleg tilbakemelding i planleggingsdokumentet direkte i Canvas (og bruk av app`n «Lærar for ein dag»). Sjå vedlegg 5. Resultata av denne undersøkinga kjem seinare i rapporten.

1.3 Bruk av Canvas i praksisperiodane

GLU 1- 7 : I haust nytta fem av seks grupper dette «praksisrommet» på GLU1 1-7 for deling av planleggingsdokument. Her lasta studentane opp dokumenta sine og fekk rettleiing frå praksislærarar. Våren 2019 tok alle det i bruk i meir eller mindre grad. Resultatet her er oppmuntrande.

GLU 5-10: I haust har seks av ni praksisgrupper brukt «praksisrommet» til før-rettleiing. Etterrettleiinga har vore munnleg. Det var også vore slik at faglærarane som skulle på praksisbesøk kunne gå inn å rettleia studentar og henta ut didaktiske planleggingsdokument for den dagen dei hadde avtalt observasjon og samtale. Våren 2019 var det dei same gruppene som tok det i bruk.

2. Resultat av spørjeundersøkinga

I forkant drøfta me korleis me kunne få tak i kva studentane og praksislærarane tenkte omkring sine erfaringar med skriftleg rettleiing i praksis og korleis det var å bruke Canvas i den samanhengen. Me kom fram til at me ville ha ei spørjeundersøking digitalt. Studentar og praksislærarar fekk om lag dei same spørsmåla. Sjå vedlegg 5.

I gjennomføringa av vår undersøking tok me i bruk spørjeundersøkingsverktøyet SurveyXact.

49 studentar og 14 praksislærarar fekk undersøkinga på e-post med eit lite følgjeskriv. 72 % av studentane svarte på undersøkinga, medan 74 % av praksislærarane.

Resultata vil bli presentert slik at respondentane (studentane og praksislærarane) sine svar vil bli gjort kort greie for.

2.1. Erfaringar med før-rettleiing skriftleg i det didaktiske planleggingsdokumentet («diamanten») i Canvas?

Studentane har noe blanda erfaring. Nokre studentar meiner det fungerer godt og er nyttig, spesielt når tilbakemeldingane er konkrete og gir praktiske råd. «Da får jeg vite hva jeg må planlegge betre og hva som virker bra gjennomtenkt.» Eller som fleire studentar gjer uttrykk

for at det gir ein ekstra tryggleik i å få det skriftleg. Då kunne dei gå tilbake til det som var skreve, og spørje praksislærar dagen etter om det var noko dei lurte på.

Studentane peikar på to ting som må vera på plass for at det skal fungere optimalt; «diamanten» må leverast to dagar i førvegen og ein må ha tilgang på Canvas på praksisskulen. Noe som dei fleste studentane ikkje hadde. Det viser seg at det er vanskeleg å få til stabil internett-tilgang for studentane våre på praksisskulane.

Nokre studentar skriv at dette fekk dei ikkje så mykje ut av, og at det er betre å få det munnleg. Da kunne ein få respons med ein gong, tenke høgt i lag og saman kome fram til korleis timen kunne vera.

Dei fleste studentane (ca. 45%) ser at det kan vera eit nyttig verktøy, men at skriftleg tilbakemelding i Canvas ikkje er nok, men eit godt supplement til det munnlege. «Det kan være hjelpsomt, men å få veiledning muntlig av praksislærer er best.» Fleire nemner at det å gå igjennom dei skriftlege kommentarane dagen etter, var den rettleiinga dei fekk mest utbytte av.

Dette å skulle legge planleggingsdokumentet i praksisgruppa sitt rom i Canvas gjorde at fleire la meir arbeid i «diamanten», spesielt i vårsemesteret. Studentane gir uttrykk for at dei vart meir forberedt. Nokre studentar endra då planen sin før den munnlege rettleiinga. Det var lettare å få med seg den munnlege rettleiinga når ein hadde noko skriftleg å gå utifrå. «Lært å planlegge timene godt og tenke på små ting som jeg til vanlig ikke ville ha tenkt på.» Mange studentar skriv at dei likar munnlege tilbakemeldingar betre enn skriftleg og at skriftleg tilbakemelding berre eignar seg til før-rettleiing.

Studentane skriv og at det er veldig ulikt kor grundig dei skriftlege tilbakemeldingane var. Nokre få skriv at dei «ikkje fekk noko skriftleg tilbakemelding i det heile». Dei studentane som fekk gode og fyldige tilbakemeldingar er dei som ser størst potensiale i å få rettleiing på denne måten.

På spørsmålet om andre måtar ein kunne gjort dette på, svarar omtrent alle studentane noko slikt: «Gått igjennom det muntlig. Det fungerte mye bedre enn skriftlig. Da kunne vi snakke sammen og komme med ideer til hverandre og få svar på det vi lurte på der og da.»

Praksislærarane har og ulike erfaringar knytt til dette med skriftleg før-rettleiing. Dei gir uttrykk for at det var greitt å bruke Canvas, men lettare å få det til på e-mail. Å gje skriftleg før-rettleiing er tidkrevjande, og «så hadde med nesten alltid før-rettleiingssamtale i tillegg.» Nokre av praksislærarane valde å ikkje bruke det, og berre gi rettleiing munnleg. Ein årsak til det kan vera at dei opplevde det vanskeleg å finne fram på LMS-et i byrjinga. Ein praksislærar foreslår at alle (studentar, praksislærar og HVL-kontaktar) får «opplæring i lag, slik som me fekk i «diamanten». Det fungerte betre i praksisperioden om våren, då var både praksislærarar og studentar kjende med systemet.

Etter å ha prøvd seg litt fram, var det mange som organiserte det slik: «Me fann ut at det greiaste var at eg kommenterte kort i «diamanten» på førehand, før rettleiingssamtalen» Andre ga og uttrykk for at viss ein ikkje fekk tid til før-rettleiing munnleg kunne ein likevel gje ei tilbakemelding til studenten slik at han/hun kunne «endra på opplegget sitt før gjennomføring og dermed unngå unødige «feil»»

På spørsmålet om det er andre måtar ein kunne gjort dette på, gjer dei uttrykk for at det er viktig at systemet fungerer og at alle har fått opplæring i kva det går i. Mange nemner at det bør ikkje vera for mange økter og at det godt kan vente til andre praksisperiode. Ein av lærarane beskriv det slik: «Studentane var mykje meir trygge og hadde større forståing for korleis ein førebur seg i andre praksisperiode. Eg trur før-rettleiing i Canvas ikkje er tenleg før i andre praksisperiode. Det er mange ting som må snakkast gjennom, særleg første gong dei er ute i praksis, og studentane får større forståing for alle nyansane/laga gjennom ein samtale»

Praksislærarane ser at det er positive sider med å ha skriftleg før-rettleiing, men er skeptiske til å ha det berre skriftleg. Fleire praksislærarar meiner det er viktig at studentane får begge deler. Det tar mykje tid å skulle skrive ein tilbake- og framovermelding til kvar økt. Det må ikkje vera for mange, er det fleire som gjer uttrykk for. Andre lærarar seier at det var nyttig som rettleiar å skulle skrive kommentarar i «diamanten». «Da måtte jeg skjerpe meg!» Dette at studentane får tilbakemelding skriftleg gjer det mogleg å gå tilbake til dei kommentarane dei får, og dei kan justere eiga undervisning. Lærarane gjer og uttrykk for at det gjer rettleiingssamtalen meir konstruktiv. «Det skriftlege blir ein slags minimum og ei sikring av at studentane får før-rettleiing. I tillegg sett ein i gong prosessar hos både student og praksislærar før rettleiingssamtalen.»

Me hadde nokre startvanskar hausten 2018 då praksisrommet i Canvas ikkje var heilt på plass før første praksisperiode. Noe som gjorde det vanskeleg å presentere oppgåva på ein god måte. Det er nok noe av forklaringa på at det fungerte betre i vårsemesteret. Med bakgrunn i tilbakemeldingane frå studentar og praksislærarar ser me kor viktig det er med god informasjon og opplæring i Canvas i forkant av praksis. Me oppfatta det slik at det handlar om ei kort orientering for å sjå korleis læringsplattformen, LMS-et fungerer.

2.2 Del 2 av prosjektet Utprøving av en APP «Lærar for ein dag»

Denne delen av prosjektet vart gjennomført i vårsemesteret, 2019.

Gjennom arbeidet med App'en "Lærar for ein dag" ville me utfordre studentar, praksislærarar og faglærarar til å vidareutvikle sin kompetanse både aleine og saman med dei andre aktørane. Det var mogleg å legge til rette for ulike typar refleksjonar rundt det å vera lærar, og APP'en «Lærar for ein dag» la til rette for ulike innfallsvinklar til å arbeide med klasseleiing. Samtidig fikk dei ulike deltakarane erfaring med ein metodikk som kan overførast til nettstøtta lærarutdanning. Observasjonar i ulike modaliteter slik som video, film og bilde kan gi nye dimensjoner til refleksjon omkring profesjonsutvikling (Pachler, Bachmair, & Cook, 2009). Timperley (2008) hevdar i si forsking at det å læra fagstoff gjennom engasjement og meiningsfulle aktivitetar støtta av ei grunngjeving som tek utgangspunkt i studentane sine behov, gjer at studentane får større utbyte av undervisninga (Timperley, 2008). Slik me ser det er teoretisk kunnskap og kjennskap til nyare forsking om aktuelle emne eit sentralt aspekt ved lærarprofesjonen og må løftast fram og øvast på, både i praksis og på campus. Tanken er at øvingane skulle opplevast som relevante og med klar overføringsverdi til studentane si eiga undervisning i klasserommet og vera med på å utvikla læringsmiljøet på ein systematisk måte (Niemi 2013).

Me ville at APP'en [«Lærar for ein dag»](#), som Marit Kulild har vore med på å utvikle, skulle vera ein del av refleksjonen i og rundt praksis. Studentane fekk derfor eit læringsoppdrag som inneber eigenrefleksjon og drøftingar i lag med praksisgruppa og praksislærarar. Sjå vedlegg 4. Den casen som egna seg best i GLU 1 er den som tek utgangspunkt i relasjonell klasseleiing og refleksjonsspørsmål knytt til den.

I vår undersøking stilte me nokre spørsmål til studentane og praksislærararane om erfaringar med bruk av APP'n. Dei fleste hadde brukt den, enten individuelt, i lag med praksislærar og

praksisgruppa eller inne på høgskulen. Dei få som hadde brukt han i praksis, hadde gode erfaringar. Praksislærarane meinte at det var eit godt utgangspunkt for å samtale om noe som dei vil komme bort i. «Vi hadde to veiledningsøkter hvor vi brukte App'en. Veldig ok.» Andre lærarar sa at det er best å gjere det i lag, då «feil svar» kan være rett og gjøre studenter usikre. Elevene er forskjellig og reagerer forskjellig. Det finnes ikke fasitsvar.» Det kom også fram at når ein arbeide med dette i praksisgruppa fekk ein fram fleire nyansar.

Studentane ser gode moglegheiter der dei lettare kan finne gode løysingar i liknande situasjonar, og at det var lærerikt. «Fint at ein kan tenkje gjennom korleis ein kan handtere ein situasjon, før han oppstår.» Nokre få studentar meinte det var vanskeleg å leve seg inn casen, og at dei derfor ikkje fekk så mykje ut av det. Ein av studentane skreiv at det er lettare å engasjere seg når det oppsto ulike situasjonar ute i praksis. Dei fleste studentane nemner at appen gjer det mogleg å få i gang «diskusjonar rundt ulike problem eller situasjonar ein lærar møter i skulekvardagen. Det er bra!»

På spørsmål om andre måtar ein kunne gjort det på, kom ein student med følgjande forslag: «Ser ut som ein app dere kunne brukt mer i undervisningen inne på HVL. Du får liksom se hvordan det kan være i praksis, og med dette være bedre rusta for praksis». Om ein tek utgangspunkt i studenten sitt utsegn, bør me leggja opp til å bruka appen inn i undervisninga på høgskulen. På campus kan han fungera som ei case som kan drøftast før første praksisperiode. Appen inneheld også mykje relevant kunnskap om klasseleiing som rakst kan hentast fram om ein student lurer på korleis kan skal løysa ein elevkonflikt.

[En liten oppsummering og litt om vegen vidare](#)

Studentane og praksislærarane sine tilbakemeldingar gjer oss tro på at dette er noko som me kan vidareutvikle. Det er viktig at læringsplattforma(her: Canvas) fungerer og at alle aktørar (studentar, praksislærarar og HVL-kontaktane) kjenner til systemet og får god informasjon og opplæring i korleis ein kan bruke læringsplattforma. Me trur og at det er viktig med begge former for rettleiing, skriftleg og munnleg, og at dette kan styrke før-rettleiinga i praksis. Eller som både praksislærarane og studentane gjer uttrykk for, at det å gå igjennom dei skriftlege kommentarane dagen etter (rettleiingsgrunnlaget leverast seinast to dagar før gjennomføring)(vår parantes), var den rettleiinga dei fekk mest utbytte av.

Plan for spreiing av resultata i fagmiljøa, til studentane og praksisskulane

Praksisskulane har vore ein naturleg samarbeidspart. Det er viktig å vidareutvikle dette samarbeidet. Her ser me at denne måten å jobbe på, kan vera ein av fleire moglege løysingar for å få eit tettare samarbeid mellom praksislærar og HVL-kontaktar (dei som følger opp studentar i praksis frå HVL). HVL-kontaktane har ikkje tatt det i bruk i særleg grad slik at me ser det som viktig å gje dei god informasjon om denne måten å arbeide på.

Vidare bør det vera ei deling på tvers av campusar når me har utvikla ein prototype. Me har følgjande framlegg til samarbeid:

- Deling av planar, fagartiklar, mm i Teams for alle som arbeider som profesjonsrettleiarar
- Erfaringsdeling med ulike instansar som arbeider med praksis i HVL
- Med bakgrunn i dette studieårets erfaringar vidareutvikle måten å arbeida på i lag med studentar, praksislærarar og HVL-kontaktar, gjennom felles informasjon og opplæring.
- I tillegg til dette kunne me tenke oss eit delingsseminar for alle i GLU utdanningane ev også BLU og PPU.

Delingsseminar våren 2019

Me hadde planar om å arrangera eit seminar våren 2019, der vi ville presentere prosjekt for aktuelle kollegaer i Ny-GLU, og GLU-leiinga. Dette seminaret har me flytta til hausten 2019. Her ynskjer me å spreie erfaringane til andre som jobbar med praksis og nytta teknologi til å byggja bru mellom teori- og praksisdelen av lærarutdanninga. Kan dette vere aktuelt på ein GLU samling til hausten? Her vil det også vere aktuelt å starta ein dialog med kollegaer (i PEL og andre GLU fag) om det er muleg å finna felles teoretiske plattformer for observasjon og analyse av klasseromsinteraksjon.

Kjelder:

Kunnskapssenter for utdanning (2014, 29. oktober). Å utvikle lærerprofesjonalitet. Heta frå:
<https://utdanningsforskning.no/artikler/a-utvikle-larerprofesjonalitet/>

“Lærar for ein dag” (2017): <https://itunes.apple.com/us/app/l%C3%A6rar-for-ein-dag/id1270634676?mt=8>

Mjelde, & Ulvedal. (2017). *En Styrking Av Praksisopplæringen i Lærerutdanningen - En Studie Av Profesjonsutvikling Støttet Av Håndholdt Teknologi.*

Niemi, H. (2013). The Finnish teacher education. Teachers for equity and professional autonomy. *Revista española de educación comparada*, 22, 117-138.

Pachler, N., Bachmair, B., & Cook, J. (2009). *Mobile learning: structures, agency, practices*: Springer Science & Business Media.

Timperley, H., Wilson, A., Barrar, H., & Fung, I. (2008). Teacher professional learning and development

Vedlegg nr 1

Kort skisse over prosjektet med korrigeringar

Konkretisering og plan for gjennomføring av pilotprosjektet «Utprøving av APP i undervisninga» med tildeling på kr 100.000. (Sjå tidlegare innsendt skisse på side 3).

Studentgruppe: Prosjektet er knytt til ny GLU 1-7 og 5-10, kull h 2018-2023.

Ansvarlege: Profesjonsrettleiarane på campus Stord; Kirsti Frugård og Marit Kulild.

Prosjektperiode: Frå 1. september, 2018 til 31. mai, 2019.

Utprøvingane er knytt til «praksisrommet». Aktuelle samarbeidspartnarar er rektorar, praksislærarar, studentar og kontaktlærarar. Tema for «praksisrommet»: Haust: Klasseleiing.
Vår: Vurdering for læring

Midlane er tenkt brukt til førelesarar/inndeiarar på eit seminar om hausten for alle partar i prosjektet. Arbeidstimar for Kirsti og Marit til planlegging av arbeidsseminar + planlegging og organisering av innhald i «praksisrommet». Me har sett av ein diversepost på kr 5000.

Dette vert eit prosjekt i småskala for å sjå om me kan finna ein god organisering av praksis, der alle partar er likeverdige når det angår informasjon og bakgrunn for rettleiing.

Grovskisse for disponering av tildelte midlar:

Haust, 2018:

Arbeidsseminar m/to inndeiarar	10.000
--------------------------------	--------

Diversepost: Utstyr, reise, bevertning	5.000
--	-------

Frikjøp arbeidstimar Kirsti og Marit	50.000
--------------------------------------	--------

Vår, 2019:

Frikjøp arbeidstimar Kirsti og Marit	<u>35.000</u>
--------------------------------------	---------------

	100.000
--	---------

Rommetveit 30. april. 2018

Beste helsing *Marit Kulild og Kirsti Frugård*

Korrigering av prosjekt vår 2019

Post arbeidsseminar vert flytta til våren 2019	10.000
Frikjøp for prosjektleiarane	35.000
Diversepost	<hr/> <u>5.000</u>
Disponibelt vår 2019	50.000



Viktig informasjon til alle, praksislærarar, faglærarar og studentar på GLU 1-7

Informasjon om rettleia praksis og korleis dette konkret skal gjerast i Canvas no i haust.

Kristi Frugård og eg driv eit lite FoU-prosjekt for å finna gode måtar å organisera praksissamarbeidet mellom dei ulike deltakarane. Me er svært glade for at de prøver å løysa samarbeidet om praksis slik me har lagt det til rette her. **Etter 1. praksisperiode** tek me gjerne i mot innspel til andre måtar å løysa dette samarbeidet på.

Klipp frå skildringa av arbeidskrav i praksisemnet MGBPR101:

Planleggingsdokument: Når studenten har ansvaret for en undervisningsøkt, skal studenten lage et planleggingsdokument. Planlegginga kan gjerne gjerast i samarbeid med medstudentar og etter rettleiing frå praksislærar. Praksislærar skal motta dokumentet i god tid før undervisninga slik at studenten kan få rettleiing før undervisningsøkta.

Slik går du fram:

Det er lagt til rette for at studentane kan levera planleggingsdokumenter i Canvas. Det er oppretta 6 grupper som svarar til praksisgruppene på praksisskulane; Langeland og Førre.

Kvar praksisgruppe får sitt eige «rom» der dei kan lasta opp dokument for rettleiing. Det er viktig at du som student merkjer fila god.

Døme. Fag: Norsk. Økt: 2. time torsdag, ? oktober. Ansvar: Thor.

Du som student finn ditt rom om du klikkar på «grupperom» heilt til venstre i margen i MGBPR101. Du klikkar på fil og lastar opp planleggingsdokumentet «diamanten». Dette er praksisgruppa sitt eige rom. Det er ein del andre funksjonar her. Praksislærar og faglærar har tilgang.

Du som praksislærar finn studentane sine filer («diamantar») ved å klikka på **personar** i menyen til venstre (sjå figur side 2).

På den nye sida vil du finna ein flik merka «**praksisgrupper**». Klikk deg inn på praksisgrupper.

Du vil no finna ei oversikt over alle praksisgruppene. Finn **di gruppe** og klikk på dei tre små prikkane til høgre. Du vel «**Gå til gruppa si startside**». Du vil no finna dei filene du skal gje rettleiing på.

Praksislærar lastar ned dokumentet og kommenterer/gir framovermeldingar merkjer fila «med kommentarar frå praksislærar» i tillegg til det opphavelege filnamnet

Gjeld all: De kan bruka verktøyet «diskusjonar inne i gruppa sitt «rom». Her kan du starta ein diskusjon med praksisgruppa di. Du kan gje generelle tips og du kan eventuelt gje ein generell kommentar til ein «diamant» utan å lasta den og kommentera. Eller du kan gi ein kort beskjed.

Du som faglærar finn studentane sine filer («diamantar») ved å klikka på **personar i menyen til venstre**.


På den nye sida vil du finna ein flik merka «**praksisgrupper**». Klikk deg inn på praksisgrupper.

Du vil no finna ei oversikt over alle praksisgruppene. Finn **di gruppe** og klikk på dei tre små prikkane til høgre. Du vel «**Gå til gruppa si startside**». Du vil no finna dei filene du kan gje rettleiing på eller observera.

Om du vil kommenterer/gir framovermeldingar merkjer fila «med kommentarar frå faglærar» i tillegg til det opphavelege filnamnet

Gjeld alle: De kan bruka verktøyet «diskusjonar inne i gruppa sitt «rom». Her kan du starta ein diskusjon med praksisgruppa di. Du kan gje generelle tips og du kan eventuelt gje ein generell kommentar til ein «diamant» utan å lasta den og kommentera. Eller du kan gi ein kort beskjed.

Figur 1: Døme på framgangsmåte for å finna «gruppa si startside»



Læringsutbyteformuleringer i emneplanen

I emneplanen står det at studentane skal tileigna seg faguttrykk knytt til det å vera lærar.

Me gjer dette enkelt no i haust. På heimesida til emnet har eg lista opp nokre OMREP knytt til klasseleiing som studentane kjenner frå undervisninga i pedagogikk og elevkunnskaps faget.

Dersom det passar er det bra om de saman med studentane brukar desse omgrepa der det er naturelg i rettleiingsarbeidet.

Omgrep:

- Struktur og reglar i klassen
- Tydelege forventningar og proaktiv planlegging
- Naboros for å dempa uønskt åtferd
- Relasjonsarbeid og «sjå» eleven, læra seg namn
- Motivasjon
- Mål for læringsarbeidet

Beste helsing

Marit Kulild og Kirsti Frugård

Om du har problem send e-post til mak@hvl.no

Vedlegg nr 3
Døme Didaktisk planlegging

Vedlegg nr. 3		<i>Den didaktiske relasjonsmodellen</i>		
Undervisningsplanlegging for GLU-studentar ved HVI, Stord, hausten 2018				
Klasse: Student: Dato: Time:	Fag, emne og tema: Kompetansemål fra Læreplanverket for Kunnskapsløftet (UK06): Kva skal eleverne kunna/ha lært etter timen? -faglege mål, -ferdighetsmål -holdningsmål (Dvs. kompetansemål nedbrøte til læringsmål for denne aksa)	Korleis vil du starte timen? Korleis vil du motivere eleverne?		
Vurdering for læring Korleis få fram informasjon om eleven utt beringsutbyte? Grunngri vilo sine	Læreformsetnader Til hvem kan elevene få ifr., kva er nytt, hva er elevene interessert i, er det eleven du må ta omvyn til? Grunngri vilo sine	Innhald og læringsaktivitet -hva skal elevene gjera Var kort og konkret og grunngi kvarfor du vil gjera det på denne måten.	Innhald og læringsaktivitet -hva skal læren gjera (rolle) Var kort og konkret og grunngi korfor du vil gjera det på denne måten.	Rammefaktorer Til ferdigsmiddel og utstyr, teknikk, læringsemna, grunngri vilo sine
Lag eit skriftleg notat for tunden her. Planleggingsdokumentet ditt skal ha med alle elementa over. Ver ekstra nøy med å planlegga oppstart , korleis du organiserer overgangar mellom ulike aktivitetar og korleis du avsluttar aksa.				

Refleksjon i etterkant av aksa aleine, saman med praktislaerer og medstudentar:

- Lærdom og tek med meg vidare
- Konsekvensar for vidare planlegging. Óg om **førretelling på undervisning planlegginga ditt**. Det højer du mykje av.

Vedlegg nr 4

«Lærar for ein dag» er en APP der du finner noen caser fra skolehverdagen.

The screenshot shows the App Store Preview for the 'Lærar for ein dag' app. It features a large logo with the word 'LÆRAR' in blue. Below it, the app title 'Lærar for ein dag' and subtitle 'University of Stavanger' are displayed, along with a 'Free' price tag. The preview includes three screenshots: one of a school building, one of a classroom interaction, and one of a video call. Below the screenshots is a 'Description' section with a brief text about the app's purpose and developer. There is also a 'What's New' section indicating improvements in video quality, and an 'Information' section with details like seller, size, category, compatibility, languages, age rating, copyright, and price.

Oppgave nr 1a:

Last ned APPen her for android på [Google play](#) eller her [App Store](#)

Oppgave nr 1 b:

Gå gjennom casen *Relasjonell klasseleiing* for deg selv (minimum to ganger)

Oppgave nr 2:

Diskuter i praksisgruppen. Er dette ein reell situasjon du/dere kan komme opp i?

Hvordan kan dere finne ut hvilke reaksjoner/ prosedyrer som finnes på praksisskolen og i den klassen dere er i? Har de en tilsvarende framgangsmåte? Har de samme handlingsalternativ som casen *Relasjonell klasseleiing* tar for seg?

Oppgave nr 3 i praksis:

Gå gjennom casen *Relasjonell klasseleiing* sammen med praksislærer. Drøft hvordan en kan løse et slikt dilemma i klassen. Er det kun en løsning? Eller finnes det flere handlingsalternativer?

Vedlegg nr 5

Praksis – undersøkelse (studentene)

1. Hva tenker du om å få **førveiledning skriftlig** i det didaktiske planleggingsdokumentet («diamanten») i Canvas?
2. Hvilke erfaringer har du fått med dette?
3. Andre måter en kunne gjort dette på?
4. Hvilken verdi har det å få førveiledning skriftlig i selve planleggingsdokumentet i tillegg til muntlig?
5. Du har gjort deg noen erfaringer med **bruk av APP'n «Lærar for ein dag»**.
Hvilke muligheter ser du?
6. Andre måter en kunne gjort dette på?

Praksis – undersøkelse (praktsislærerne)

1. Hva tenker du om å gi **førveiledning skriftlig** i det didaktiske planleggingsdokumentet («diamanten») i Canvas?
2. Hvilke erfaringer fikk du deg med dette?
3. Hvilke muligheter ser du?
4. Andre måter en kunne gjort dette på?
5. Hvilken verdi har det å gi førveiledning skriftlig i selve planleggingsdokumentet i tillegg til det muntlige?
6. Kan du se for deg at studentene får kun skriftlig førveiledning? Utfordringer med det?
7. Har du brukt **APP'n «Lærar for ein dag»**?
8. Viss JA – hvordan brukte du den?